

Koblet: Fra fed og firdann

130

Under dobbel klem

ikkje visst kvifor han var i Oslo; han var no der på gjennomreis, — eg trur han skulle til Russland. Eg nytta høvet til å tala med han om den franske presse-kampanjen mot Noreg, og forklara han koss den måtte bli ein provokasjon til å egge Tyskland på Noreg. Han skjøna dette, og han lova han skulle freiste få den franske regjeringa til å stagge blada når han kom heim-att til Frankrike. Ei tid etter kom han heim. Men dei franske blada dreiv på som før. Da skjøna eg greitt at dei skreiv etter ordre frå regjeringa si. Og da måtte eg tru det var alvor med planane mot Noreg.

Faktisk dreiv dei franske blada enda hardare enn dei engelske på med å mana til inngrep i Noreg. Og eg kunne nok skjøna kvifor. Eg hadde kunnskap om at det franske fly-våpnet slett ikkje var så sterkt som det ga seg ut for, og at det ikkje på nokon måte kunne mæle seg med det tyske. Eg hadde fått løynlege meldingar om at det sto ille til med det dei kalla «moralen» — stridsviljen — i den franske hæren. Eg sette dette i hop med det eg hadde hørt franske parlaments-medlemmer seia da eg var i Paris i mars 1939. Det var t. eks. ein representant frå Sør-Frankrike som fortalde meg at i den førre verdskrigen hadde to tredjepartar av husfedrane i hans valkrins falli i striden, — 28 av 42, og han rekna med at i ein ny verdskrig ville dei falle alle som var att. Når franskmennene gikk i krigen med slike tankar, — at Frankrike ville bli øydelagt, om det så vann, — da kunne ein ikkje vente stor strids glede av dem. No ynskte dei ingen ting heller enn at krigsfronten måtte bli flutt bort ifrå den franske grensa. Difor bad dei den britiske regjeringa legge til sides planen om å kaste bomber og miner ned over dei store tyske elvane, Rhin og Weser. Dei var redd det skulle egge tyskane til hard ågang. Dei ynskte ingen ting heller enn å få tyskane til å vende seg mot Noreg.

Heile krigssituasjonen tyktes på denne tida laga seg slik at det altfor lett kunne bli mogleg at landet vårt vart drege inn i krigen. Difor kom det seg mest av seg sjølv at eg drøfte denne faren med den nye svenske utanriksministeren *Christian Günther* da han kom på avskilshelsing til meg i departementet juldagen 1939. Han hadde ei god tid da vori svensk sendemann i Oslo, og vi var vande med å tala åpent

med einan med i krig. Og han sa ikkje fullt det minste kva for ei Sverige vi alle tilfelle viljen vår.

Berre tr fekk eg g Noreg og Colban i høre kva var den f ærendet fo den. Det v mémoire) av Bruère. nomførsel i krigen. D til å drøfte av det son

Eg var il desember h hadde slutt. om at vestr hadde eg se kunne tala grunnen ne kamuflere Bruère at N kom i strid spørsmålet